



Ole Gunnar Furesund  
Titlandsvegen 1  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/741 - 20/4018

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no  
o

Dato:  
23.01.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsinformasjon - gbnr 64/3 og 64/12 Myksvoll

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 64/3 og 64/12  
Tiltakshavar: Rune Furesund

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er ikkje nabovarsla. Eigedom med gbnr 64/6, 64/8 og 64/20 bør varslast om tiltaket.
2. Det går ikkje klart fram av søknaden kva areal det søkast om arealoverføring for. Til søknaden er det lagt ved fleire kart der ulike linjer er trekt opp. Slik vi forstår søknaden viser rød linje, i situasjonskart datert 08.12.2019, eigedomsgrense per dags dato. Blå linje på same kart viser ønska framtidig eigedomsgrense. Du må sende inn nytt kart der det går tydeleg fram kva areal du ynskjer å overføre til gbnr 64/12. Det må også gå fram kor stort arealet er og at nye grenselinjer er målsatt.
3. Størrelse på areal ser ikkje ut til å samsvare med informasjon i vedlagt kjøpekontrakt datert 06.11.2007. I kjøpekontrakt er det oppgitt at arealet har ein størrelse på om lag 150 m<sup>2</sup>. Slik vi forstår søknaden er det søkt om arealoverføring på om lag 2 000 m<sup>2</sup>. Det går heller ikkje klart fram av søknad kva som er «vedlegg 1» slik det er referert til i kjøpekontrakt og skal vise areal som kan overførast.
4. Slik vi forstår søknaden er det søkt om arealoverføring på cirka 2 000 m<sup>2</sup>. Dette er vesentleg meir areal enn kva det er opna for i kommunedelplanen for Lindås. Der går det fram at ein kan søke om arealoverføring for inntil 200 m<sup>2</sup>

tilleggsareal utan krav om reguleringsplan, jf. pkt. 2.2.1. Størrelse på areal som skal overførast må difor reduserast vesentleg for å være i samsvar med plan. Alternativt må du søke om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen. Vi gjer merksam på at administrasjonen sannsynlegvis vil være kritisk til at eit så stort areal i LNF-område skal overførast til bustadføremaal og oppmodar til å redusere omfanget av søknaden.

5. Avklaring om privatrettslege tilhøve. Arealoverføringa kan føre til at tilkomst til gbnr 64/6 vert berørt. Vi ber om informasjon om kva som gjeld i forhold til vegrett over 64/3 for gbnr 64/6 og kva som eventuelt vil bli tilfelle dersom tilkomst i framtida delvis skal skje over gbnr 64/12.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.04.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsinkelsar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Per Sveinar Morsund  
Rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Ole Gunnar Furesund  
Rune Furesund

Titlandsvegen 1 5912  
Lurevegen 925 5912

SEIM  
SEIM